



## Årsmelding for Lindås fråhaldslag 2015

---

### Årsmøte 2015

Årsmøtet 2015 vart halde i Knarvik Misjonshus torsdag, 5.mars. Det deltok 13 personar, 11 av dei er medlemmer. Eit føredrag av den svenske predikanten Severin vart vist på storskjerm. Han snakka om det å våga vere totalavhalds.

Før årsmøtet var det servering av snittar, kringle, kaffi og te, og undervegs i møtet var det song og prat.

Årsmøtet valde Frank Erik Henriksen til ny leiar. Styremedlemmer vart Kjell Olav Hjellum, Sverre Solberg, Kjetil Jacobsen og Marit Barene. Styret fekk fullmakt til å konstituera seg og velja revisor.

Styret vedtok på møte 30. april å dela arbeidsoppgåvene mellom seg slik:

Kasserar / økonomiansvar: Kjetil Willie Jacobsen

Skriver: Marit Barene

Styremedlem: Sverre Solberg

Styremedlem: Kjell Olav Hjellum

### Medlemstal pr. 31.12.15.:

Ved utgongen av året hadde laget 26 betalande medlemmer.

### Økonomi

**Inntekter:** kr. 97 396,46 (inkludert overførte midler frå 2014 kr. 83 035,46 og inkludert bornekontoen på kr.41 973,23))

**Utgifter:** kr. 32 580,19

**Konto ved utgangen av året:** kr. 64 816,27 (inkludert bornekontoen på kr. 41 973,23)

Styret vedtok å støtte det yngste medlemmet i lokallaget med 3.000 kroner til treningsleir i Spania i regi av «Idrett Utan Alkohol». Beløpet vert betalt i 2016 då treningsleiren vart gjennomført i april 2016.

### Styret sitt arbeid

Styret har halde 2 møter (30.april og 17.desember) og handsama 15 saker.

8. oktober deltok heile styret på eit planleggingsmøte på sentralkontoret på Isdalstø saman med representantar frå Elvikstrand fråhaldslag. Møtet var i regi av Horda distriktstyre og representantar frå distriktstyret deltok også.

Lindås fråhaldslag har selt loddbøker for distriktslotteriet, og to medlemmer deltok på basaren under julemøtet.

### Verving

8.september hadde organisasjonskonsulent Magne Richardsen vervestand på Knarvik senter. Standen resulterte ikkje i medlemmer til lokallaget, men nokre vart verva som direktemedlemmer

i distriktet. Laget betalte 2.500 kroner til sentralleddet for arbeidet. Samstundes fekk laget kr.5 000,- frå distriktet. Richardsen budde heime hos to av medlemene under vervinga. Dette var eit samarbeid med Edru Livsstil Arna/Bergen og Horda distrikt.

**Lokale arrangement:**

Styret har ikkje hatt lokale arrangement etter sist årsmøte, men det vart invitert til pizzamøte på kafé i Isdalstø sentrum via lokalavisa, men ingen kom.

**Deltaking på distriktet sine arrangement:**

21.mars deltok leiar Frank Henriksen og styremedlem Kjell Olav Hjellum på årsmøtet i Horda distrikt som vart halde i Ljoshall i Arna.

29.august inviterte distriktet til dagstur til Stordalen Fjellstove og Bjørn West-museet i Matre. Styret sende invitasjonen ut til alle medlemmer via post/e-post.

28.november stilte styremedlem Marit Barene og Kjell Olav Hjellum på den årlege julefesten i distriktet. På programmet stod lysbilete frå landsmøte, felle song, juletale, kulturinnslag i form av song, middag, lotteri og kakebord.

**Sentrale arrangement:**

6. – 9.august stilte Frank Henriksen og Kjell Olav Hjellum på landsmøtet i Kristiansand.

**Anna:**

Leiar har vore i kontakt med MA Hordaland og drøfta mogleg samarbeid om haustfest og politiske debattmøter før valet 2015.

Leiar i laget er vald til representant i det sentrale utvalet for ruspolitikk. Utvalet arbeider med høyringssaker, pressesaker o.a. politisk arbeid. I 2015 vart det halde to utvalsmøter etter landsmøtet.

.....  
Stad og dato

.....  
Signatur leiar

Sverre Solberg

Kjell O. Hjellum

Marit Barene

Kjetil Jacobsen